

# mediefakta 2/2003

informasjon fra medienorge ([www.medienorge.uib.no](http://www.medienorge.uib.no))

## Store medieeigarar

**Kven eig dei norske media? Kva for store selskap opererer på den norske marknaden og kva har dei halde på med i 2003?**

**Eigarsida i det norske medielandskapet er kjenneteikna av at eit fåtal store selskap dominerer innanfor dei fleste områda. Eit trekk ved situasjonen i dag er at dei største selskapa går ut over sine tradisjonelle hovudområde og etablerer seg innanfor fleire media.**

**Eit anna trekk er at eigarskapet også kryssar landegrensar. Fleire av dei største norske selskapa har etablert seg i marknader utanfor Norge.**

**I dette nyheitsbrevet får du oversikt over dei største medieselskapa, kvar dei opererer geografisk og kva for media dei har eigarinteresser i.**

## Få og store eigarar

Eigarsida i det norske medielandskapet er kjenneteikna av at eit fåtal store selskap dominerer innanfor dei fleste områda. Dei seinare åra har dei største selskapa vakse seg større gjennom oppkjøp og nyetableringar. Dermed har eigarkonsentrasjonen på mediesektoren blitt forsterka.

Avismarknaden er dominert av tre store norske konsern; Schibsted, Orkla og A-pressen som til saman står for om lag 55% av det totale avisopplaget i Norge. Vekeblad og teikneseriar er også dominert av tre store aktørar: Hjemmet Mortensen (eigd av Orkla Media og danske Egmont 50/50), danske Aller og svenske Bonnier.

Fjernsynsmarknaden er dominert av statleg eigde NRK, og kommersielle TV 2 (eigd av Schibsted, A-pressen og danske Egmont). Amerikanske SBS kontrollerer 51% av aksjane i TVNorge, medan svenske MTG eig TV3 og ZTV og ei rekkje satellittkanalar. På distribusjonssida kontrollerer Telenor både det analoge bakkenettet og eig den største kabeloperatøren og den største satellittdistributøren.

NRK er størst på radiomarknaden med tre av fire riksdekkande kanalar. Svenske MTG er største eigar i den fjerde kanalen, P4. Konesjon for ein femte riksdekkande kanal gjekk til Kanal 4, der TV 2 nyleg kjøpte seg inn og vart største eigar. Lokalradiokjeda Radio 1 Norge vart tidlegare i år kjøpt opp av amerikanske SBS Broadcasting, som dermed, til liks med med TV 2, er inne på både radio- og tv-marknaden i Norge.

Bokbransjen har vore dominert av dei tre store selskapa Aschehoug, Gyldendal og Cappelen, sistnemnde eigd av svenske Bonnier, men desse tre har no fått konkurranse av Egmont-eigde N.W. Damm & Søn.

## Eigarskapet kryssar grenser

Noko av det som kjenneteiknar situasjonen i dag er at dei største selskapa går ut over sine tradisjonelle hovudområde og etablerer seg innanfor fleire media – ofte for å skape synergiar.

Eit anna trekk er at eigarskapet også kryssar landegrenser. Fleire av dei største norske selskapa har etablert seg i marknader utanfor Norge. Mellom anna kjøpte Orkla i 2000 det danske aviskonsernet Berlingske Officin, som står for om lag 35% av det danske avisopplaget. Dei står også bak avissatsingar i Polen, Litauen og Ukraina. Schibsted eig fleire store aviser i Sverige, og fleire større og mindre aviser i Estland. Dei driv òg produksjon og distribusjon av film og fjernsyn i fleire nordiske land gjennom Metronomesystemet. A-pressen har også satsa i utlandet og har eigarinteresser i fleire russiske aviser og trykkeriverksemder.

På same måten har andre store nordiske medieselskap kryssa landegrensene, og fleire av dei er godt inne på den norske marknaden (jfr. tabell 2).

## Schibsted

Schibsted er det største mediekonsernet i Norge og har eigarinteresser innanfor dei fleste medieområda; avis, vekepresse, bøker, tv, film og video, Internett og mobile tenester. Dei eig mellom anna Aftenposten og VG, i tillegg til aksjepostar i fleire av dei største regionsavisene i landet. Dei eig også to av Sveriges største aviser, Aftonbladet og Svenska Dagbladet, og har eigarinteresser i fleire foto- og nyheitsformidlingsbyrå i Skandinavia.

**Tabell 1: Dei største medieselskapa i Norden som er inne på den norske mediemarknaden og deira hovudaktivitetar på mediefeltet 2003**

Mediekonsern	Avis	Vekeblad & tidsskrift	Bøker	Radio	TV/film-produksjon	TV-kanalar	TV-distribusjon	Film/video-distribusjon	Platebransje
Bonnier	x	x	x	x	x	x		x	x
Egmont		x	x	(x)	x	(x) <sup>2</sup>		x	
Schibsted	x	x	x	(x)	x	(x) <sup>2</sup>		x	
Orkla Media	x	x	(x)	x		x			
MTG, Modern Times Group <sup>1</sup>	x		x	x	x	x	x	x	
Aller		x							
NRK, Norsk Rikskringkasting				x	x	x	x <sup>3</sup>		
A-pressen	x			(x)	x	x <sup>2</sup>			
TV 2 Gruppen	x			(x)	x	x	x <sup>3</sup>		
SBS Broadcasting				x	x	x			

x Majoritetsinteresser i sektoren (eigarandel på 50% eller meir i minst eitt selskap)

(x) Minoritetsinteresser i sektoren (eigarandel på mindre enn 50% i eitt eller fleire selskap)

<sup>1</sup> Inkluderar Modern Times Group (MTG), Metro International og Tele2 sine medieinteresser (kabel-tv). Alle kontrollert av Stenbeck-familien.

<sup>2</sup> Egmont, Schibsted og A-pressen eig 33% kvar av TV 2 Gruppen, som igjen eig 49% av TVNorge. A-pressen eig også ei rekke lokale kanalar i Norge. I august 2003 kjøpte TV 2 34% av Kanal4, ein riksdekkande radiokanal som startar opp i januar 2004.

<sup>3</sup> NRK og TV 2 Gruppen (sjå note 2 om eigarskap) eig 50% kvar av Norges Televisjon, som er einaste søkjar til konsesjonen for eit digitalt nett for bakkesendt TV i Norge

**Tabell 2: Dei største medieselskapa i Norden som er inne på den norske mediemarknaden: Geografisk oversikt 2003**

Mediekonsern	Heimland	Danmark	Finland	Island	Norge	Sverige	Baltikum <sup>1</sup>	Europa av verda	Resten
Bonnier	Sverige	x	x		x	x	x	x	
Egmont	Danmark	x	x		x	x	x	x	x
Schibsted	Norge	x	x		x	x	x	x	
Orkla Media	Norge	x			x	x	x	x	
MTG, Modern Times Group <sup>2</sup>	Sverige	x	x		x	x	x	x	x
Aller	Danmark	x	x		x	x		x	
NRK, Norsk Rikskringkasting	Norge				x				
A-pressen	Norge				x			(x)	
TV 2 Gruppen	Norge				x				
SBS Broadcasting	Luxemburg	x	x		x	x		x	

x Majoritetsinteresser i sektoren (eigarandel på 50% eller meir i minst eitt selskap)

(x) Minoritetsinteresser i sektoren (eigarandel på mindre enn 50% i eitt eller fleire selskap)

<sup>1</sup> Estland, Latvia and Litauen.

<sup>2</sup> Inkluderar Modern Times Group (MTG), Metro International og Tele2 sine medieinteresser (kabel-tv). Alle kontrollerast av Stenbeck -familien.

Kjelde: *Nordic Media Market 2003, Nordicom*

Schibsted har sidan 1999 satsa sterkt på gratisaviser og gir ut avisa Avis I i Oslo og kontrollerer selskapet som gir ut gratisavisa 20 Minutter i fleire europeiske byar. I 2003 har selskapet trappa ned satsinga på dette området. Avis I har føreteke kraftige nedskjer-ningar og Schibsted har selt sin del av 20 Minuten i Sveits, der avisa er på gata i Zürich, Bern og Basel. Gratisavissatsinga har sidan star-ten vore eit tapssluk for Schibsted og selskapet melder at dei i lø- pet av året vil vurdere sine satsingar i 20 minutter-prosjektet.

Schibsted har dei seinare åra ekspandert innanfor forlagssektoren, og sidan 1997 er omsetninga på dette feltet tidobla. Schibsted Forlagene AS inkluderer mellom anna forlaga Bladkompaniet, som gir ut tekneserier og vekeblada Maison og Tique; Chr. Schibsteds Forlag og tidsskriftet Dine Penger.

På tv- og filmområdet er Schibsted inne som eigar av ein tredje- del av TV 2 og gjennom dette også som indirekte eigar av TVNorge. Selskapet har og vore nemnt som ein mogleg kjøpar av danske TV 2. Vidare er konsernet til stades i filmbransjen gjennom produksjonsselskapet Metronome Film & Television, og gjennom sin halvdel av Sandrew Metronome som distribuerer film og video i Norden.

Konsernet er per i dag indirekte inne i radiomarknaden gjennom sitt eigarskap i TV 2 som nyleg kjøpte seg inn i Kanal 4. Dei har også eigarinteresser i fleire av regionsavisene som har andelar i den same radiokanalen.

## Orkla Media

Orkla-konsernet sine medieselskap er samla i Orkla Media. Orkla Media si dagspresseverksemd i Norge omfattar nærare 60 ulike aksjeselskap, der om lag halvparten er lokal- og regionalaviser. Mellom desse er Drammens Tidende, Fredrikstad Blad, Varden, Haugesunds Avis og Sunnmørsposten. Sistnemnde avis kjøpte i juni i år lokalavisa Fjordingen i Stryn. Slike oppkjøp av små aviser blir ofte grunngeve med at ein ynskjer å vidareutvikle område

der ein allereie har ein marknadsposisjon. Inkludert i kjøpet av Fjordingen var også aksjar i Radio Stryn, lokalavisene Fjuken og Fjordabladet og i trykkeriet Inmedia as.

Orkla Media kjøpte i 2000 det danske aviskonsernet Berlingske Officin, som kontrollerer ein tredjedel av avisopplaget i Danmark. Flaggskipet Berlingske Tidende har vore under sterkt press dei siste åra med nedgang i annonsesalet og auka konkurranse. I 2003 har avisa arbeid for å styrke posisjonen sin gjennom kjøp av Erhvervsbladet som er ei gratis nyhende- og verktøyavis for små og mellomstore bedrifter. Dei har også kjøpt aksjar i radio- stasjonen Radio Victor i Esbjerg og inkludert i kjøpet var også Radio Holsted AS. Frå før eig Berlingske halvparten av Radio Skala i Kolding.

I Polen har Orkla Media derimot selt to aviser. Avisene Slowo Polskie og Wieczor Wroclawia i regionen Nedre Sclesien har på grunn av sviktande annonseinntekter gått over i tysk eige. Salet skal i følgje Dagens Næringsliv (03.10.03) ha gitt Orkla mellom 90 og 100 millionar kroner.

Orkla Media eig halvparten av forlaget Hjemmet Mortensen som er ein av dei største utgivarane av vekeblad i den norske mark- naden, med titlar som Her og Nå, Hjemmet og Vi Menn. Egmont eig den andre halvdelen av forlaget som i 2002 gav ut 22 veke- bladtitlar. I 2003 har forlaget satsa på spesialblad innanfor bil og transport gjennom kjøp av bladet TransportMagasinet og ved å inngå avtale med tyske MotorPresse International om å gi ut det største bilbladet i Europa, Auto, Motor & Sport, i Norge.

Hjemmet Mortensen har dei seinare åra ekspandert i den nord- iske marknaden. I 2001 kjøpte dei Medströmsforlagene i Sverige med tilhøyrande 15 titlar, og slo det saman med det nyetablerte dotterselskapet HM Nordic. Året etter tok HM Nordic nok eit steg inn i den nordiske vekebladmarknaden gjennom kjøp av det finske forlaget Finnish Dominova OY.

## A-pressen

A-pressen eig i underkant av 50 større og mindre aviser i Norge, mellom andre Bergensavisen, Rogalands Avis, Arbeidets Rett og Bladet Nordlys. A-pressen eig også om lag like mange nettaviser og fleire trykkeri. Vidare eig konsernet også ein tredjedel av TV 2 og er dermed indirekte eigar av TVNorge. Gjennom eigarskap i nokre av dei største lokalavisene eig A-pressen også fleire lokal-tv-kanalar.

Annonsesamkjøringar, der små og store aviser i ein region går saman om å tilby annonsørar stor dekning, er viktige inntektskjelder for avisene og har mykje å bety for oppretthaldinga av små og svake aviser. Ynskje om å fylle hol i annonsesamkjøringar har vore bakgrunnen for fleire av dei store konserna sine oppkjøp dei seinare åra. Dette året har A-pressen gjort forsøk på å skaffe seg kontrollen i avisa Halden Arbeiderblad. Avisar er i dag med i Orkla si annonsesamkjøring Mediasite Oslofjord, men A-pressen vil at den i staden skal vera med i deira eigen samkjøring i området.

A-pressen og Orkla har innleia eit annonsesamarbeid gjennom internettportalen zett.no, som kom i drift dette året. Zett.no formidlar digitale rubrikkannonser frå om lag 70 aviser og er dermed ein konkurrent til Schibsteds finn.no. Telenor er også med i dette samarbeidet og utviklar SMS- og MMS-meldingar, betalingsløyisingar på mobiltelefon og WAP-portal for zett.no.

Den største endringa for A-pressen i 2003 har bestått i at Sanoma WSOY selde sine 29% av aksjane i selskapet. Telenor og LO, som allereie var inne på eigarsida, kjøpte aksjane saman med stiftinga Fritt Ord. Aksjane til dei tre selskapa er samla i selskapet APR Media Holding (tidlegare kalla Fagbevegelsens Investerings-selskap), med fordelinga Telenor 44,8%, LO 36,1%, Fritt Ord 10% og andre 9%. Både konsernsjefen og fleire i leiinga har selt aksjane sine. Det har også Folketrygd-fondet og Harald Møller-selskapa Strømmen Forvaltning og Møller Investor gjort. A-pressen er nå tatt av børs.

## NRK

NRK, som er eit statleg eigd aksjeselskap, er den største aktøren innanfor kringkasting i Norge. I løpet av dei siste 10-15 åra har det vore gjort ulike mediepolitiske vedtak som har gitt NRK rom til å tilpasse seg marknaden i større grad og til å kunne tene pengar utanom lisensen. Det kommersielle dotterselskapet NRK Aktivum vart etablert i 1997 for å ta seg av NRK si forretningsverksemd. Selskapet opererer i hovudsak som lisensgivar for produkt knytt til NRK sitt programtilbod, men lar andre selskap ta seg av produksjonen. Fleire av dei store medieselskapa har inngått avtalar med NRK Aktivum. Dei har mellom anna samarbeidd med både Cappelen og Damm om utgivingar av bøker basert på NRK sine program. CD, leiker og klede er også ein del av NRK Aktivum sitt sortiment og blir produsert av ulike selskap frå gong til gong. Distribusjon av video/DVD følgjer derimot ein fast avtale med det amerikanske Disney-selskapet Buena Vista. Saman med Egmont-eigde Lydbokforlaget eig NRK Aktivum NRK Lydbokforlaget som står for utgivingar av NRK sine høyrspel.

Bilbladet Autofil kom ut for første gong i september 2002 og blir utgitt i samarbeid med Se og Hør Forlaget, som er eigd av det danske Aller-konsernet. I samarbeid med Egmont Serieforlaget har NRK Aktivum i år lansert eit magasin basert på Barne-tv. NRK Aktivum ser ikkje bort i frå å gi ut fleire blad i tilknytning til tv-program.

Frå 1998 har NRK Aktivum si omsetning auka frå 19 millionar kroner til eit estimert tal på 105 millionar kroner i 2003.

NRK eig også 50% av distribusjonsselskapet Norges Televisjon som har søkt konsesjon for etablering og drift av eit digitalt kringkastingsnett i Norge. TV 2 eig den andre halvdel av selskapet.

## TV 2 Gruppen AS/TV 2 AS

TV 2 Gruppen og kanalen TV 2 er eigd av Schibsted, A-pressen og Egmont, som sit med ein tredjedel av aksjane kvar. TV 2 har ein sterk posisjon i tv-marknaden gjennom å vere landets største kommersielle kanal og i tillegg eige 49% av TVNorge. Saman med NRK eig TV 2 distribusjonsselskapet Norges Televisjon som har søkt konsesjon for å etablere eit digitalt kringkastingsnett. TV 2 har også satsa innan Internett og nye media, både gjennom selskapa TV 2 Interaktiv og TV 2 Nettavisen. Selskapet TV 2 Invest eig vel 80% av aksjane i Storm Weather Center og nærare halvparten av aksjane i den nettbaserte musikkformidlar Phonophile.

TV 2 har også ynskja å etablere seg i radiomarknaden, og i sommar kjøpte kanalen 34% av aksjane i nyetablerte Kanal 4. I kjøpsavtalen ligg også opsjon på å auke eigarskapet til 51%. Kjøpet førte til debattar om eigarskap og lovgiving i og utanfor media, og det vart hevda at TV 2 ville få ein for sterk posisjon i marknaden. Problematikken vart forsterka av at TV 2 er eigd av Schibsted og indirekte av Telenor gjennom A-pressen. Etter vurderingar kom både Eigarskapstilsynet og Konkurransetilsynet til at dei ikkje ville gripe inn ovanfor kjøpet. Kanal 4 var tidlegare eigd av fleire av dei største regionsavisene i landet, samt Vårt Land og NTB. Desse eigarane sine aksjepostar vart redusert då TV 2 kom inn som ny aksjonær.

## Telenor

Telenor er ein dominerande aktør når det gjeld fjernsynsdistribusjon i den norske marknaden. Dotterselskapet Norkring eig og driv det analoge kringkastingsnettet, Telenor Avidi er den største kabeloperatøren i Norge og Canal Digital er den største satellitt-distributøren med halvparten av kundane i satellitt-tv-marknaden. Også nettportalen ABC Startsidan og fleire mindre internettbaserte selskap er eigd av Telenor. Telenor var tidlegare storaksjonær i internettportalen SOL som vart seld til svenska Eniro i 2001, og eigde Metropoli TV og Sponsorservice som begge har gått konkurs.

Telenor kjøpte seg opp i A-pressen i juni i år og sit no med 44,8% av aksjane i konsernet. Dette styrkar Telenor sin posisjon som ein viktig norsk medieaktør - også på innhaldssida.

## Bonnier

Bonnier er det største mediekonsernet i Norden og har verksemdar innanfor dei fleste medieområda. Dei eig aviser i Sverige, Danmark, Baltikum, Austerrike, Polen og Russland. Dei eig ei rekkje bokforlag og vekebladforlag i Norden, Spania og Frankrike. I tillegg eig dei mange selskap innanfor audiovisuell sektor, mellom anna Svensk Filmindustri, Scandinavian Home Entertainment og 17% av TV4 i Sverige.

I Norge er Bonnier eigar av Cappelen som er det nest største forlaget i landet målt i omsetning 2002. Gjennom Cappelen er Bonnier også deleigar av distribusjonsselskapet Bladcentralen som er den desidert største distributøren av blad, magasin og bøker til daglegvarehandel, kioskar og bensinstasjonar. Bladcentralen har per i dag over 5000 utsalsstader for bøker, og enno fleire for blad. I 2002 brukte vi i følge Dagens Næringsliv (16.04.03) dobbelt så mykje pengar på billegbøker frå slike utsalsstader som på bøker frå bokhandel. Bonnier eig Bladcentralen saman med Hjemmet Mortensen, Bladkompaniet, Allers Familie-Journal, Se og Hør Forlaget, Egmont Serieforlaget og Damm. Dette vil i praksis seie Orkla, Egmont, Schibsted og Aller. Bladcentralen distribuerer berre eigarforlaga sine produkt.

Bonnier har i år lansert ei norsk utgåve av interiør- og bolig-magasinet Bo bedre, som dei frå før gir ut i Danmark.

## Egmont

Det danske medie- og underhaldningskonsernet Egmont har eigarinteresser på fleire medieområde i Norge. Dei eig ein tredjedel av TV 2, og indirekte delar av TVNorge. Dessutan eig dei produksjonsselskapet Nordisk Film som i august vart slått saman med Egmont Entertainment. Gjennom norske TV 2 sitt oppkjøp i Kanal 4 får Egmont også indirekte ein fot i radiomarknaden. Egmont har allereie meldt seg som bodgjevar når det danske TV 2 skal leggjast ut for sal.

Egmont gir ut både bøker, vekeblad og teikneseriar, og i Norge, Sverige og Danmark omset Egmontforlaga for til saman 1,1 milliard kroner og har 400 tilsette. Egmont sitt norske forlag N.W. Damm & Søn er i sterk vekst og har sidan 1999 integrert åtte mindre forlag i sitt forlagshus. Mellom desse er Ex Libris som sit med rettane til Harry Potter-bøkene i Norge. Dei fire første bøkene i serien har blitt selt i over 400 000 eksemplar, noko som nok er med på å forklare at Damm i år kan passere Bonnier-eigde Cappelen som det tredje største forlaget i Norge målt i omsetning.

I februar 2003 kjøpte Damm ein fjerdedel av Lydbokforlaget, som dei no eig saman med Aschehoug og Gyldendal og Lydbokforlaget sine stiftarar. Lydbokforlaget driv også NRK Lydbokforlaget som dei eig saman med NRK Aktivum. Som fleire andre selskap har også Damm satsa på spesialiserte livsstilsblad og er utgivar av titlar som Vagabond, Design Interiør og Landliv.

Egmont eig også halvparten av Hjemmet Mortensen saman med Orkla Media. Hjemmet Mortensen gir mellom anna ut Bonytt, Det Nye og Mann.

Egmont Serieforlaget er med om lag 50 titlar den leiande teikneserieutgivareren i Norge. Klassikarane Donald Duck,

Fantomet og Billy er blant dei med størst opplag. Dei seinare åra har Serieforlaget også satsa på ulike spesialblad for jenter frå 5 til 20 år. Desse blada opplever ein sterk opplagsvekst.

## MTG/Stenbeck

Det svenske selskapet MTG er eigd av Stenbeck-familien og er ein sentral aktør i den nordiske kringkastingsmarknaden. Selskapet har fleire tv-kanalar i dei nordiske landa, mellom anna TV3 i Skandinavia, i tillegg til kanalar i Baltikum og Russland. Stenbeck-sfæren står også bak Metro International som gir ut gratisviser i 16 land og det internasjonale mobiltelefonselskapet Tele 2.

I Norge står MTG bak dei norske versjonane av TV3 og ZTV. MTG eig også Viasat som tilbyr ei rekkje satellitt-kanalar til norske sjåarar, mellom anna TV1000 og TV1000 Cinema.

MTG satsar også på radio og er største eigar av P4. I april i år måtte MTG innfri ei avtale med den norske finansmannen Endre Røsjø og bytte bort eit visst tal på aksjar i Tele 2 med 12,5% aksjer i P4. Etter dette har Stenbeck-sfæren no eit samla eigarskap i P4 på 45,7%; 31% via selskapet MTG, 2,01% via dotterselskapet Metro Norge og 12,5% via investeringsselskapet Banque Invik i Luxembourg. I juni kjøpte Endre Røsjø seg inn i P4 igjen, og sit no med 11,4% av aksjane i radiokanalen.

## Aller

Det danske vekebladkonsernet Carl Aller Etablissement AS, eigd av Aller-familien, kontrollerer samla 58% av vekebladsalet i Norden. Også i den norske vekebladmarknaden er selskapet ein viktig aktør og står for om lag ein tredjedel av opplaget. Det norske dotterselskapet Norsk Aller eig mellom anna Se og Hør som er det største vekebladet i Norge med eit opplag på nesten 425 000 per utgåve i 2002.

Aller satsar også på teikneseriar og har starta eit nytt forlag i Norge, Seriehuset, som konkurrerer med Egmont Serieforlaget og Schibsted-eigde Bladkompaniet.

Norsk Aller kjøpte i april i år Nordic Web Radio (NWR). NWR, som har hovudverksemda i Norge og Sverige, distribuerer radiokanalar via Internett. Radiokanalane til SBS, Bonnier, MTG og NRJ i Sverige, samt radiokanalane til Radio 1, Klem FM og Kanal 5 i Norge står på kundelista, og månadleg når NWR 700 000 lyttarar, i følge ei pressemelding frå selskapet.

Norsk Aller eigde tidlegare 50% i lokalradiokjeda Radio 1 i Norge, men selde aksjane til SBS Broadcasting i sommar. Aller er også dominerande aksjonær i konstellasjonen Kanal 5, som tapte konkurransen om både P4- og P5-konsesjonen.

## SBS Broadcasting

SBS Broadcasting er eit amerikansk selskap som er registrert i Luxemburg. Det har eigarinteresser i fleire tv-kanalar i Norden, mellom anna TvDanmark 1 og 2 og Kanal 5 i Sverige. Utanom Norden eig dei tv-kanalar i Belgia, Nederland, Polen, Ungarn og Romania. SBS eig også om lag 20 radiostasjonar med til saman 52 radiokanalar i Europa. I følgje Nordicom utgjer den nordiske marknaden om lag 38% av SBS sitt totale volum. På grunn av si utstrekke verksemd i Norden vert SBS Broadcasting i denne samanhengen rekna som eit nordisk selskap.

I Norge er SBS inne i kringkastingsmarknaden som største eigar (51%) i TVNorge som dei kjøpte seg inn i etter oppstarten i 1988. TV 2 er den andre eigaren i kanalen med 49%. I sommar etablerte SBS seg også innanfor norsk radio gjennom oppkjøp av lokalradio-kjeda Radio 1, som dei kjøpte av Norsk Aller og Clear Channel. I tillegg til storbykanalane (i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger) eig Radio 1 også ungdomsradioen TheVoice utanfor Oslo, Bergen og Trondheim. I dei same byane samarbeider kanalen også med Klem FM. Radio 1 eig også den riksdekkande nyheitsverksemda Radio Nettverk som blir formidla av om lag 80 lokalradiostasjonar i Norge. Samarbeid mellom radio- og tv-verksemda blir oppgitt som ein av årsakene til at SBS kjøpte Radio 1.

I Sverige har SBS og Bonnier slått saman radioverksemdene sine og stifta selskapet SBS Radio Sweden. SBS eig 51% av selskapet medan Bonnier eig 49%.

## Dei største nordiske medieselskapa som opererer i meir enn eit land 2003

Medieselskap	Omsetning 2002	
	Heimland	(mill. Euro)
SanomaWSOY	Finland	2 358
Bonnier	Sverige	1 910
Egmont	Danmark	1 230
Schibsted	Norge	1048
Orkla Media	Norge	943
MTG, Modern Times Group	Sverige	826
Alma Media	Finland	486
Aller	Danmark	469
A-pressen	Norge	322
Otava-Kuvalehdet	Finland	219
Politiken	Danmark	215
SBS Broadcasting	Luxemburg	193
Canal+ Television	Frankrike	168

Kjelde: Nordic Media Market 2003, Nordicom

Kjelder:

Pressemeldingar frå selskapa

Dagens Næringsliv

Aftenposten

Eierskapstilsynets medieregister ([www.eierskapstilsynet.no/database/](http://www.eierskapstilsynet.no/database/))

Nordicom: The Nordic Media Market 2003

**Ynskjer du å vite meir om medietilhøva i dei nordiske landa?**

**Om medietilbod og bruk – om selskap og eigarar? Då bør du få med deg den nye publikasjonen frå Nordicom som er klar i november: *The Nordic Media Market 2003*.**

**Her finn du tekstar om mediesektoren i alle dei nordiske landa samt utfyllande informasjon om dei største medieselskapa som opererer i Norden.**

**Boka kan frå og med november bestillast via medienorge sine nettsider:**

**<http://medienorge.uib.no>**

**medienorge**

**<http://medienorge.uib.no>**

**[medienorge@media.uib.no](mailto:medienorge@media.uib.no)**

**Institutt for medievitenskap - Fosswinckelsgt. 6 - 5007 Bergen**

**Tlf: 55 58 91 26 - Faks: 55 58 91 49**